

BLT NNDEN

BARN E H A G E

ÅRSPLAN 2026-2028



Innhold

1. Velkomen til oss_____	s. 3
2. Verdigrunnlag_____	s.4
3. Visjonen vår_____	s.5-8
4. Formålet med og innholdet i barnehagen_____	s.9
5. Leik, omsorg, læring og danning_____	s.10
6. Samarbeided mellom barnehage og heimen_____	s.11
7. Tilvenning og overgongar_____	s.12
8. Barnehage-skule_____	s.13
9. Progresjon_____	s.14
10. Fagområda_____	s.15-21
11. Satsingsområde_____	s.22-23
12. Satsingsområde for 2026-2027_____	s.24
13. Kontakt_____	s.25

Velkommen til oss

Blåtinden barnehage er ein foreldredriven barnehage. Barnehagen blei bygd i desember 2006 og i 2015 bygde vi på barnehagen slik vi fekk eiga småbarns- og storbarnsavdeling.

Bærtua 0-3 år og Fuglereiret 3-6 år.

Våren 2016 var også nytt og oppgradert uteområdet ferdig stilt.

Blåtinden barnehage ligg idyllisk til i Haddal i Ulstein kommune.

Den er omkransa av fjell, fjord og skog; noko som gir tilgang til eit unikt uteområdet



Verdigrunnlag



I **Blåtinden barnehage** legg vi til rette for varme og omsorgsfulle relasjonar mellom barn og vaksne, og mellom barna sjølve. Dette skapar trivsel, tryggleik og meistring. Alle barn skal kjenne seg **inkluderte** i fellesskapet og bli møtt med anerkjenning, respekt og omsorg.

Vi er opptatt av å sjå leik, omsorg, læring, danning, sosial kompetanse, kommunikasjon og språk i samanheng. Barna skal få **medverke** i eigen kvardag, bli sett og høyrte, og få hjelp til å forstå og handtere eigne kjensler. Slik byggjer vi **robustheit og emosjonell kompetanse**.

Risikofylt leik er ein naturleg del av vårt verdigrunnlag. Barn treng rom for å prøve, feile, utforske grenser og kjenne på spenning – i trygge rammer. Dette styrkjer sjølvtilit, motorikk, vurderingsevne og mot.

Vi ønskjer at barna skal få utfolde seg både fysisk og kjenslemessig, og **oppleve barndommen sin eigenverdi**. Berekraft står også sentralt med oss: barna lærer å ta vare på seg sjølve, kvarandre og naturen. Gjennom leik og felles opplevingar får dei kjennskap til naturens eigenverdi og korleis vi saman kan bidra til å ta vare på miljøet rundt oss.

Visjonen vår

“Barnehagen skal ha ein helsefremjande og førebyggjande funksjon og bidra til å jamne ut sosiale forskjellar”

Rammeplan for barnehage s.11



Med visjonen: “**Aktiv, sunn og lukkeleg barndom**” satsar Blåtinden barnehage på helse, kosthald og fysisk aktivitet.

Vi er stolte av å kunne tilby eit sunn og variert mattilbod med råvarer og alt laga frå botnen av. Vi har eigen kjøkkenassistent 4 daga i veka. Berekraftig drift er viktig for oss; vi dyrkar grønsaker, har høner, driv med gjenvinning og kjelde sortera. Barna får rik erfaring med kvar maten kjem frå, matproduksjon og vegen frå mat til måltid.

Med vår unike tilgang på fjell, fjord og skog vil barna oppleve fleire gongar i veka å få eit mangfald av naturopplevingar og få oppleve naturen som arena for lek og læring.




Visjonen vår

Aktiv:

Vi ønskjer at alle barn skal oppleve å bli inkluderte i aktivitetar der dei kjenner trivsel, glede og meistring gjennom varierte rørsleerfaringar – både inne og ute, året rundt.

Barna skal få bli kjende med sin eigen kropp og utvikle ei **positiv oppfatning av seg sjølv**. Når barna får hjelp til å forstå og sette ord på eigne kjensler, styrkar det både sjølvbiletet og sjølvkjensla deira.

Dei møter vaksne som har fokus på å la barna prøve sjølv, og som legg til rette for robust og meningsfull leik tilpassa kvar enkelt.



Visjonen vår Sunn:

Gode matvanar som blir etablerte i barnehagealderen, kan vare livet ut. Vi ønskjer derfor å gi barna eit solid grunnlag gjennom eit variert og sunt kosthald i kvardagen.

Vi bruker reine råvarer, heimelaga mat og eigendyrka produkt frå grønsakshage, drivhus og hønehald. Slik får barna vere med i **heile prosessen frå jord til bord** – dei sår, steller, haustar, lagar mat og kjelde sortera.

Når barna får delta aktivt i dyrking, matlaging og måltid i trygge rammer, styrkar det både trivsel, sjølvkjensle og meistring. Desse kvardagsaktivitetane skaper ro, fellesskap og gode erfaringar som er viktige for psykisk helse.



Visjonen vår

Lukkeleg:

Vi ønskjer at barna skal oppleve ein kvardag der dei kjenner seg glade og trygge. For oss handlar lykke om at barna får vere seg sjølv i eit miljø prega av forutsigbarheit, omsorg og stabile relasjonar.

Gjennom nærleik og tilknytning møter barna vaksne som ser dei, lyttar og gir rom for medverking. Når barna får påverke eigen kvardag, styrkar det både sjølvkjensla og opplevinga av å vere viktige for fellesskapet.

Vi legg til rette for Inkludering og vennskap, der alle barn får vere ein del av leiken og kjenne at dei høyrer til. Slik skaper vi eit miljø der barna kan utvikle seg, utforske og oppleve ekte glede – kvar dag.



Formålet med og innhaldet i barnehagen

Barnehagen sine styringsdokument er:

- Lov om barnehage
- Rammeplan for barnehage
- FN'barnekonvensjon



I barnehagelova finn vi det regelverket som gjeld for barnehage. Rammeplanen er ei føreskrift til lova som gir retningslinjer for barnehagen sitt verdigrunnlag, innhald og oppgåver. FN'barnekonvensjon er ein internasjonal avtale om barnsrettigheter. Den er også kalt barnas eiga grunnlov.


Desse tre dokumenta utgjer barnehagen sitt **samfunnsmandat**. Som er, i samarbeid og forståing med heimen, å vareta barna sitt behov for **omsorg** og **leik** og fremje **læring** og **danning** som grunnlag for allsidig utvikling.

Årsplanen er barnehagen sitt overordna pedagogiske dokument og er fastsett av barnehagen sitt samarbeidsutval. Planen er eit forpliktande arbeidsvertøy for personalet og eit dokument som viser foreldra kva tilbod barna får i barnehagen.

Leik, omsorg, læring og danning

Vaksenrolla er viktig i forhold til å støtte og hjelpe barna i leiken. Vi vaksne skal vise omsorg gjennom **varme, støttande, lyttande og samtidig sette klare og tydelege grenser for barna.**

I Blåtinden etterstreva vi å vere ein autoritativ vaksen for barna. Ein vaksen som møter dei med tydelege rammer med varme, støtte og respekt.



- Eigenverdien til leiken må og skal anerkjennast. Leiken skal bidra til eit godt samhald i gruppa, samtidig som alle blir bevisst på si eiga rolle og eige individuelle uttrykk.

- Barna skal få oppleve å bli støtta i deira initiativ, undring, nysgjerrigheit, kreativitet, læringslyst og tiltru til eigne evner.

- Gjennom leiken lære barna å sette seg inn i andre sine kjensler, og vise omsorg for dei rundt seg.

- Gjennom leiken fremjar ein danning, der barna skal få ei forståing av felles verdier og normer som er viktige for fellesskapet.

Samarbeid med barna sin heim

Eit godt barnehage-heim samarbeid er viktig for å at barna skal **trivast og utvikle seg**. Vi jobbar mot dette ved å møte føresette og barna på ein høfleg og venleg måte kvar gong dei kjem i barnehagen. Personalet skal arbeide for å finne balansen mellom respekt for føresette sine prioriteringar, og å ivareta barna sine rettigheter og grunnleggande fellesverdier som barnehagen er forplikta til.

Vi tilbyr føresette samtale to gongar i året, ein haust og ein på våren. Dette er ein arena der vi saman kan utveksle observasjonar om utvikling, helse og trivselen til barnet. Barnehagen inviterer også inn til eit felles foreldremøte i året.



“Samarbeid mellom heim og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldre og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg”

Rammeplan for barnehage s.29

Det daglege samarbeidet er svært viktig og vi har derfor ein standar for korleis vi i Blåtinden skal møte føresette og barn i hente- og bringesituasjon. For å sikre at alle føresette kan bli høyrte og sett, har vi eit SU som skal fremje fellesinteressa til foreldre og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skapar eit godt barnehagemiljø.

Vi nyttar vi Kidplan, e-post og telefon som informasjonskanal.



Tilvenning

I samarbeid med heimen legg vi til rette for at barna får ein trygg og god start i barnehagen.

Før oppstart inviterer vi til **besøksdagar**, slik at både barn og føresette kan bli kjende med barnehagen, dei vaksne og miljøet. De får også god informasjon om korleis tilvenninga blir gjennomført.

Når barnet startar, set vi av god tid til at baret kan bli trygge på oss, dei andre barna og rutinane våre. Vi veit at **tilvenning er individuelt**, og vi tek alltid utgangspunkt i behova til det enkelte barnet. Målet er at barnet skal oppleve **tryggleik, omsorg og ein god start på barnehagelivet**.

“Når barnet begynner i barnehagen, skal personalet sørge for tett oppfølging den første tida, slik at barnet kan oppleve tilhørsle og føle at det er trygt å leike, utforske og lære”

Rammeplan for barnehage s. 33

Overganger

Når barn byter avdeling, legg vi vekt på ein **trygg og god overgang**. Barna deltek på felles turdagar, er på besøk i den nye avdelinga og får tid til å bli kjende med dei vaksne som skal ta imot dei. Slik byggjer vi relasjonar og tryggleik før overgangen skjer.

Som liten barnehage har vi eit **tett samarbeid** mellom avdelingane gjennom heile året. Barna møter alle vaksne og barn jamleg, noko som gjer at overgangen blir naturleg og mindre dramatisk.

Dei kjenner miljøet, rutinane og menneska rundt seg – og dette gir ein mjuk og trygg start på storbarnsavdelinga.





Barnehage – skule

Det siste året i barnehagen har vi førskule, der vi har ekstra fokus på å **ruste barna for skulestart**. Dette gjer vi gjennom det forskingsbaserte opplegget Leikbasert læring, som støttar overgangen frå barnehage til skule på ein trygg og utviklande måte.

Vi har eit tett samarbeid med både skulen og SFO. Våren inneheld **fellesturar og aktivitetar saman med faddergruppa**, og barna har jamlege besøk på uteområdet og i gymsalen. Slik blir dei kjende med både miljøet og menneska dei skal møte når dei startar på skulen.

Ulstein kommune har ein felles overgang barnehage–skule-plan, samt eit felles overgangsobjekt som følger barna frå barnehage til skule. Dette skaper **tryggleik, samanheng og ei god bru mellom barnehagen og skulen**.



Gjennom veileda leik blir barna kjent med aktivitetar og materiell som stimulera til forståelse for matematikk.

Spåk treng barna for å sette ord på opplevelsar og følelsar, for å forstå forteljingar og for å samspele og leike med andre.

Sjølvregrulering hjelpe barn å tenke før dei handlar, og er viktig for fagleg og sosial utvikling. Kombinasjonen av frileik og den veileda leiken der den vaksne er igongsettar er svært gunstig for utvikling av sjølvregrulering.

Sosial kompetanse treng barna for å leike og vere saman. Trygge barn kan fortelje kva dei meiner og vil, samtidig som dei kan sette seg inn i andre sine behov.

Progresjon


Gjennom tida barna går i barnehagen, utviklar dei seg, lærer og opplever framgang i alt dei gjer. Barnehagen skal legge til rette for aktivitetar som er **tilpassa kvar enkelt**, med utgangspunkt i alder, modning og behov. Dette gjer vi gjennom observasjonar, samtalar, dagleg kontakt og gode relasjonar til barna.

Vi tek utgangspunkt i barnas interesser og bygger vidare på det dei viser engasjement for, slik at dei får nye erfaringar og opplevingar. Gjennom jamleg evaluering ser vi korleis vi best kan **tilrettelegge, følge opp og gi barna nye utfordringar**.

Vi er opptatt av at barna skal oppleve både meistring og noko å strekke seg etter. Naturen er ein perfekt arena for dette – her finn alle barn noko dei meistarar, og noko som krev litt ekstra innsats.

“ Alle barn skal kunne oppleve progresjon i barnehageinnhaldet, og barnehagens skal legge tilrette for at barna i alle aldersgrupper får varierte høve til lek, aktivitar og læring.”

Rammeplan for barnehage s. 44



Fagområda til barnehagen

Kommunikasjon, språk og tekst

I Rammeplanen står det: "I barnehagen skal barna møte ulike språk, språkformer og dialekter gjennom rim, regler, songar, litteratur og tekst frå notid og fortid. Barnahagen skal bidra til at barn leikar med språket, symbol og tekst, og stimulerar til språkleg nysgjerrigheit, bevisstheit og utvikling"

Dette gjer vi i
barnehagen gjennom:

- ASK (alternativt supplerende kommunikasjon)
- Samling
- Rim og reglar
- Song

- Forteljing
- Bok og høgtlesing
- Bilde og tekst på avdeling
- Spel

- Kvardagssamtale
- Leik
- Dagtavle
- Vitsar og gåter

- Støtte barna i dialog
- Utvikle ordforrådet
- Vere språkforbilde for barna
- Bruke språket på ein positiv måte i diskusjonar.

Fagområda til barnehagen

Kropp, rørse, mat og helse

I Rammeplanen står det: “Barnehagen skal leggje tilrette for at alle barn kan oppleve rørsleglede, matglede og matkultur, mentalt og sosialt velvære og fysisk og psykisk helse”

Dette gjer vi i
barnehagen gjennom:

- Fysisk og psykisk helse gjennom:
 - Meistringsopplevelsar
 - Naturen som arena for læring
 - Fokus på å bygge robuste barn.

- Matglede gjennom:
 - Deltaking i matlaging
 - “frå jord til bord”
 - Ro og tid rundt måltid

- Rørsleglede gjennom:
 - Musikk og dans
 - Bevegelsesleikar
 - Samling om tema kropp.

- Aktivitetar i:
 - Gymsal
 - Turar i nærområdet, åre rundt
 - Aktivitetsdagar

Fagområda til barnehagen

Kunst, kultur og kreativitet

I Rammeplanen står det “ Barnehagen skal legge til rette for samhoørsle og kreativitet ved å bidra til at barna saman får oppleve og skape kunstnariske og kulturelle uttrykk...Personalet skal stimulere nysgjerrigheit, utvide forståinga deira og bidra til undring, undersøking, utprøving og eksperimentering”

Dette gjer vi i
barnehagen gjennom:

- Forming med ulike naturmateriale
- Sansekasse
- Landart

- Dramatisering
- Kostymer
- Leik
- Musikk

- Dans og bevegelse
- Støtte under undring og nysgjerrigheit
- Tilgong på ulik material som støttar opp under kreativ leik.

- Eventyr og fantasi leik
- Gi rom og tid for kreativite
- Kulturelle besøk på feks. Sjøborg.

Fagområda til barnehagen

Natur, miljø og teknologi

I Rammeplanen står det: “ Barnehagen skal bidra til at barna blir glade i naturen og får erfaringar med naturen som fremjar evna til å orientere seg og vere i naturen til ulike årstider. Barnehagen skal leggje til rette for at barna kan få eit mangfald av naturopplevingar og få oppleve naturen som arena for lek og læring”

Dette gjer vi i
barnehagen gjennom:

- Eigen kjøkkenhage som barna er delaktige i.
- Samarbeid med nærliggande bondegårdar som vi får kjennskap til og omsorg for dyra som er der.

- Tur i naturen fleire gongar i veka
- Dyr og dyrespor i naturen
- Bål og mat på tur
- samling om årstider
- Fellesskap og samhandling med naturen.


- Kildesortering og gjenbruk
- Fokus på matsvinn
- Plukke søppel i naturen

- Vi har høne og hane i barnehagen
- Sjølvdyrka grønnsaker i drivhus
- Fysiske eksperiment

Fagområda til barnehagen

Mengd. rom og form

I Rammeplanen står det: “ Barnehagen skal synleggjere samanhengar og leggje til rette for at barna kan utforske og oppdage matematikk i dagleglivet, i teknologi, natur, kunst og kultur, og ved å skølv vere kreative og skapande”



Fagområda til barnehagen

Etikk. religion og filosofi

I Rammeplanen står det: "Barnehagen skal skape interesse for mangfaldet i samfunnet og forståing for livsverda og levesettet til andre menneske. Gjennom å samtale om og undre seg over eksistensielle, etiske og filosofiske spørsmål skal barn få høve til sjølv å formulere spørsmål, lytte til andre, reflektere og finne svar"

Dette gjer vi i
barnehagen gjennom:

- Utvikling av sosiale ferdigheiter (sei hei, møte andre med eit smil og sei hade)
- Samlar om korleis ein skal vere medkvarandre

- Gi rom for å undre seg saman.
- Trene på å stå opp for eigne meiningar, samtidig som vi skal respektere andre sine
- Synleggjere mangfald

- Skape forståelse av at vi alle har ulike behov
- Positiv åtferd vert lagt merke til og oppmuntra
- Oppmuntre evna til å trøyste andre

- Vaksne som gode forbilde
- Vise omsorg for kvarandre og dyra

Fagområda til barnehagen

Nærmiljø og samfunn

I Rammeplanen står det: “Barns medverknad i kvardagslivet i barnehagen legg grunnlaget for vidare innsikt i og erfaringar med å delta i eit demokratisk samfunn. Gjennom utforsking, opplevingar og erfaringar skal barnehagen bidra til å gjere barna kjende med sitt eige nærmiljø, samfunn og verda”

Dette gjer vi i
barnehagen gjennom:

- Verte kjent i og rundt barnehagen sitt området
- Tur i nærområdet fleire gongar i veka
- Opplive ulike samarbeid med skulen og bøndene i bygda

- Erfare at alle får mulighet til å delta
- Oppleve å medverke i eigen kvardag
- Skape tilitt til samfunnsdeltaking
- Besøk til bibliotek, arena og ulike kulturelle arrangemang
- Utvikle forståing av kvifor vi markerar dei ulike tradisjonane, både lokalt og nasjonalt

- Oppleve at eit samfunn er større enn barnehagen
- Skape demokratis opplevingar i barnehagen

Satsingsområde

Inkluderande barnehagemiljø

I Blåtinden skal barna oppleve å **høyre til i eit fellesskap**. Vi jobbar med at kvardagen til barna skal vere prega av lek, vennskap og gode sosiale relasjonar blandt jamnaldringar.

Alle barn skal bli møtt med respekt og omsorg av dei vaksne. Relasjonane mellom dei vaksne og barna har stor betydning for barnas opplevelse av omsorg, trygghet og utforsking. Vi i Blåtinden jobbar derfor aktivt med vaksenrolla. Vi har fokus på å skape gode relasjonar til kvar enkelt barn. Barna skal møte ein venleg vaksen med tydelege forventningar og at **positivt atferd blir møtt med positiv oppmerksomheit**.

Vi har stor fokus på eit godt samarbeid mellom barnehage og heim. Eit **velfungerande samarbeid** har stor betydning for barns trivsel, tryggleik og utvikling i barnehagen.

For å sikre at både barn og foreldre blir møtt på ein lik og føreseieleg måte, har vi utvikla ein **standard for vaksenrolla** og ein standard for hente- og bringesituasjonen i Blåtinden barnehage.

Lek

I blåtinden har leiken ein sentral plass. Vi ser på leiken som ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkeleg samhandling. Variert leikemiljø både inne og ute er ein viktig del av å sjå eigenverdien til leiken. **Risikofylt leik** er noko vi har fokus på og legg til rette for.

Risikoleik handlar om å meistre. Meistre eignen frykt, meistre fysikken, kroppen sin, utforske grensene sine for å forstå kva man tåler og ikkje tåler.

Barn i barnehagen skal vere trygge som nødvendig men ikkje så trygge som overhode mulig. Risikoleik og lek der barna får uforforske sine grenser er heilt nødvenig for å bli **robuste vaksne**.



Satsingsområde

Alternativ supplerande kommunikasjon

Vi skal bidra til at alle barn vert møtt, sett og anerkjent for den dei er. Alle barn i barnehagen skal kjenne på at dei har ein **plass og verdi i fellesskapet**.

Alle barn kommuniserar ikkje på same måte, derfor nyttar vi verktøyet ASK, som er bildestøtte. Bildestøtte blir nytta på dagtavler, overgongar og tematavler.


Ved å nytte bildestøtte i kvardagen er det med på å skape eit inkluderande miljø der vi ikkje skapar eit miljø ein må passe inn i men eit **miljø som er tilpassa alle**.

Betre tverrfagleg innsats

I Ulstein kommune arbeider barnehagen etter modellen **Betre tverrfagleg innsats** (BTI) for å sikre tidleg innsats og god samhandling rundt barn det er uro for.

Gjennom BTI-modellen samarbeidar barnehagen tett med **laget rundt barnet** som består av helsestasjonen, skule, PPT, barnevern og vi skal legge til rette for at foreldre blir involvert tidleg i prosessen.

Målet er å **fange opp tidleg** og sikre heilskapleg og koordinert oppfølging utan brot i oppfølginga. Vi nyttar BTI sin handlingsretteleiar som verktøy for dette arbeidet.



Satsingsområde for 2026/2027

JegVet.no – tryggleik, livsmeistring og barn sine rettar

Satsingsområdet for 2026/2027 byggjer på JegVet.no og er del av ei kollektiv kompetanseheving i Ulsteinbarnehagane, i samarbeid med RVTS Midt og Høgskulen i Volda. Valet av satsing er basert på kartlegging av kompetansebehov blant dei tilsette.

Arbeidet tek utgangspunkt i **barn sine rettar**, med Barnekonvensjonen som grunnlag, og handlar om tryggleik, livsmeistring og det å gi barna språk for eigen kropp, grenser og kjensler. **Målet er å styrkje barna sin tryggleik og bidra til eit inkluderande og trygt barnehagemiljø.**

Matsmart praksis

Barna lærer å ta passe porsjonar, kjenne etter metthet og redusere matsvinn. Vi snakkar om kvar maten kjem frå, korleis vi tek vare på ressursane våre, og korleis vi kan bruke restar på ein god måte.



Kontaktinformasjon

Adresse:

Blåtinden Barnehage SA
Ringstaddalen 14
6064 Haddal

Styrar:

Lovise Warholm Skeide
tlf. 45 72 17 94/48 13 50 34
Epost:
lovise@blatinden.no/post@blatinden.no

Heimeside:

Blaatinden.barnehage.no

Fuglereiret:

tlf.98 80 51 41/94 01 33 51
Epost:
fuglereiret@blatinden.no

Bærtua:

tlf.95 25 72 78
Epost: baertua@blatinden.no

Instagram:

blatindenbhg

Facebook:

Blåtinden barnehage

